

Vestland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Bjørg Larsen

Norheimsund den 21.01.21

Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar – søknad om forlenga frist.

Fylkestinget vedtok årsbudsjett for 2018 i sak 105/17 og tildelte Hardanger og Voss museum eit tilskot på kr 700 000 (ref 2017/3764-61).

Tilskotet definerer 2 år tidsfrist for gjennomføring av omsøkte tiltak. Me søkte i januar 2020 fylkeskommunen om forlenga frist og fekk ny frist til 1.2.2021. Me søker igjen om forlenga frist for bruk av tilskotet.

Grunngjeving:

Dette tilskotet frå fylkeskommunen med på å delfinansiera eit stort prosjekt, jf. finansieringsplanen i vår søknad. Finansieringsarbeidet tek tid, og det gjev problem i høve tilsegn. Problemet er særleg knytt til tilsegn som føreset fullfinansiering. Utbetalte tilskot har vore nytta til prosjektering og delprosjekt. HVM må derfor be om meir tid til å få tiltaket fullfinansiert.

HVM har tru på at fullfinansiering, sjølv om det viser seg at spesielt bidrag frå andre enn stat, fylke og kommune er særleg krevjande å få i den storleik som oppgitt i finansieringsplanen. Koronapandemien som råka landet i 2020, gjorde at mykje stoppa opp og tok lenger tid. Søknadsfristar til stiftelsar vart skubba fram i tid og kriterier for å oppnå tilskot vart hjå fleire endra grunna pandemien. Men òg det fylkeskommunale bidraget ser ut til å bli krevjande ettersom alle søkjarar til ordninga regionale kulturbygg nyleg fekk negativt svar på søknadene. I 2020 har det likevel god framdrift i prosjektet vårt som er kalla «Tett på» og gjeld ombygging av næringsbygg på eigedom kjøpt i 2016. I 2020 har me fått prosjektert ferdig alle større tiltak i «Tett på» med museums- og publikumsbygget kalla «Kulturnaustet». Norsk kulturråd skriv i 2020 i si vurdering for departementet at prosjektet bør prioriterast og fyller kriteria for ordninga nasjonale kulturbygg. Me har fått tilsegn om stønad frå stiftingar der me har fått forlenga frist til 2022. Kvam herad løyvde i 2020 nye kr 2,1 millionar kr til «Tett på» og prioriterer prosjektet som til no har fått til saman 7,1 av totalt 10 millionar kr frå heradet. Me vonar på bakgrunn av

dette å få lenger tid på å fullføra finansieringsarbeidet og unngå å missa viktige midlar frå fylkeskommunen og andre.

Med helsing

Åsmund Kristiansen

Direktør

Randi Bårtvedt

Seniorrådgjevar